



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** Sal 1. etg, Volda samfunnshus  
**Dato:** 28.03.2019  
**Tid:** 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Sølvi Dimmen	Nestleiar	SP
Hild Våge, møte kl. 14:50	Medlem	AP
Magnar Sunde	Medlem	AP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Jan Henning Egset	Medlem	AP
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	AP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Edvin Dale	Medlem	FRP
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Per Svein Krøvel	Medlem	H
Arild Iversen	Medlem	KRF
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Erlend Krumsvik	Medlem	U
Øyvind Festø	Medlem	MDG
Odd Harald Sundal, møte kl. 17:35	Medlem	U
Rebecca Riise Bjerknes, fekk permisjon kl. 17:35	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Åshild Vik	Medlem	SV
Benedikte Holmberg	Medlem	V
Idar Flo	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H
Anders Egil Straume	Medlem	KRF



## VOLDA KOMMUNE

Varamedlemer som møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Egil Berg	Roald Arnold Espset	FRP
Ivar-Otto Kristiansen	Dan Helge Bjørneset	H
Inger Tove B. Simonnes	Anders Egil Straume	KRF
Hans Peter Eidseflot, møte kl. 17:35	Rebecca Riise Bjerknes	SP
Dag Sveinung Aarflot, gjekk kl. 17:35	Odd Harald Sundal	SP

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Per Ivar Kongsvik	Oppvekstsjef PS 22/19 og PS 23/19
Berit Lyngstad	Personalsjef PS 25/19

## SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 20/19	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 21/19	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
OS 7/19	<b>Ungdomens spørjetime</b>
OS 8/19	<b>Årsmelding for Volda ungdomsråd 2018</b>
PS 22/19	<b>Samlokalisering av Bratteberg og Vikebygda skular</b>
PS 23/19	<b>Volda ungdomsskule - Vidare prosess</b>
PS 24/19	<b>Årsmelding for kontrollutvalet for 2018</b>
PS 25/19	<b>Organisering av lærlingordninga i Volda kommune</b>
PS 26/19	<b>Overføring av investeringsrammer frå 2018 til 2019</b>
PS 27/19	<b>Årsmelding og skatterekneskap 2018</b>
PS 28/19	<b>Kommunal overtaking av veg – Follavegen</b>



## **VOLDA KOMMUNE**

- PS 29/19      **Flaggreglement for Volda kommune**
- PS 30/19      **Næringsfondet(kraft)- Årsrapport 2018**
- PS 31/19      **Utskriving av særskilt skattegrunnlag grunna lovendring i eideomsskattelova**
- PS 32/19      **Temaplan trafikktrygging 2020 - 2023, Volda kommune**
- PS 35/19      **Volda tunnel – Samferdselspakke**
- PS 33/19      **Orienteringssaker**
- OS 10/19      **Uro over urealistiske økonomiske rammer i heile Møre og Romsdal**
- OS 11/19      **FAU i Volda - Felles uttalelse om kommunas budsjett og økonomiplan for 2019-2022**
- OS 12/19      **Protokoll frå kontrollutvalsmøtet og fellesmøte 11.03.2019**  
OS 13/19      **Årsrapport arbeidsmiljøutvalet 2018**
- OS 14/19      **Årsmelding 2018 for Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne**
- OS 15/19      **Årsmelding for Eldrerådet 2018**
- OS 16/19      **Årsrapport for levering av tenester frå Stamina Helse i 2018**
- OS 17/19      **Uavhengig representant i kommunestyret - Kjell Petter Wiik**
- OS 18/19      **Utmelding av framstegspartiet - Harald Ola Søvik**
- FO 2/19      **Grunngjeve spørsmål - Vurdering av studenttilskot**
- PS 34/19      **Delegerte saker frå avdelingane**



## **PS 20/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

Innleiingsvis i møtet hadde kulturskulen eit musikkinnslag. Oda Tverberg song saman med lærar Tone Rustestuen Aarhus.

### **Opprop:**

Det var 26 møtande ved møtestart.

### **Innkalling**

Innkalling med sakliste vart lagt ut på lesebretta og publisert på heimesida den 21.03.2019  
Møtet vart annonsert i «Møre» den 23.03.2019.

Det var ingen merknader til innkallinga.

### **Røysting innkalling:**

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

### **Sakliste**

Ordføraren kom med framlegg om at OS 7/19 og OS 8/19 vert handsama innleiingsvis i møtet, før handsaming av sakliste.

Kommunestyret slutta seg til dette.

Ordføraren kom med framlegg om at OS 9/19 vert handsama som ei politisk sak, jf. etterutsendt sak, PS 35/19 Voldatunnel – Samferdselspakke.

Grunngjeve spørsmål frå Henning Holsvik, om vurdering av studenttilskot, vart sett på saklista.

Det var ingen merknader til saklista.

### **Røysting sakliste:**

Saklista, med endring og tillegg frå ordføraren, vart samrøystes godkjent.



## VOLDA KOMMUNE

### **Ettersende dokument:**

- Notat frå ordføraren, Voldatunnel – Samferdselspakke, publisert 25.03.2019.
- Grunngeve spørsmål, publisert 26.03.2019
- Saksutgreiing frå ordføraren, Voldatunnel – Samferdselspakke, publisert 27.03.2019
- Volda næringsforum – Uttale E39 Voldatunnel, og møtet som vart halde på Volda turisthotell 21.03.2019, publisert 28.03.2019

### **PS 21/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

#### **Handsaming:**

#### **Røysting:**

Møteprotokollen frå sist møte den 14.02.2019 vart samrøystes godkjent.

### **OS 7/19 Ungdomens spørjetime**

#### **Handsaming:**

Medlemmer frå ungdomsrådet stilte spørsmål til kommunestyremedlemmene. Kommunestyret svara på spørsmåla frå ungdomsrådet og takka for mange gode spørsmål og innspel.

Hild Våge møtte kl. 14:50

### **OS 8/19 Årsmelding for Volda ungdomsråd 2018**

#### **Handsaming:**

#### **Røysting:**

Kommunestyret tok årsmelding til Volda ungdomsråd til vitende.

### **PS 22/19 Samlokalisering av Bratteberg og Vikebygda skular**

#### **Vedtak i kommunestyret - 28.03.2019:**

- 1. Drifta ved Vikebygda skule vert avvikla 31.07.2019.*
- 2. Elevar som skal ta til i 1. klasse i sentrum vert frå 01.08.2019 fordelt mellom Bratteberg skule og Øyra skule.*



## VOLDA KOMMUNE

3. *Bratteberg skule kan nytte Vikebygda skule sine lokale fram til 31.07.2021.*
4. *Viss situasjonen tilseier det, skal rådmannen vurdere om alle elevane kan først over til Bratteberg skule på eit tidlegare tidspunkt enn skissert i punkt 3. Dette etter drøfting med FAU og SU.*
5. *Midlar til trafikksikring kring skulen skal leggest inn i investeringsbudsjettet for 2020.*
6. *Skulemodulane som no er lagra ved Øyra skule, skal nyttast til utviding av kapasiteten til Bratteberg skule viss ein finn det naudsynt.*

### **Handsaming:**

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik orienterte og svara på spørsmål frå kommunestyret.

Rebecca Riise Bjerknes, Sp, kom med slikt framlegg:

*Formannskapet sitt vedtak vert avvist.*

Sølvi Dimmen kom med slikt alternativt framlegg:

1. *Vikebygda skule og Bratteberg skule vert samanslått får 1.8.2020*
2. *Frå 1.8.20 vert elevane som går på Vikebygda skule flytta over til Bratteberg skule.*
3. *Frå 1.8.20 vert elevar som tek til i 1.klasse fordelt mellom Bratteberg og Øyra skular.*
4. *Skuleåret 2019/2020 skal Vikebygda skule og Bratteberg skule samarbeide om å skape ein god overgang for elevane.*

Sindre Kvangarsnes, Volda Frp, kom med slikt framlegg til alternativ punkt 3 og nytt punkt 7:

*3. Bratteberg skule vil nytte Vikebygda skule sine lokale fram til 31.07.2020  
Elevar som går i 3. klasse komande skuleår vil fullføre 3. klasse i lokala til Vikebygda skule, og flytte til Bratteberg til 4. klasse. Elevar som komande skuleår går i 2. klasse, vert overført til Bratteberg skule når dei skal ta til i 3. klasse. Så lenge elevane nyttar lokala til Vikebygda skule, vil dei ha skulefritidstilbodet sitt der.*

*7. **Bygningane** ved Vikebygda skule skal først attende til bygda, anten overdragast til Vikebygda Ungdomslag eller seljast til eit ikkje-kommersielt føremål som kjem barn og unge i bygda til gode.*

Odd A. Folkestad kom med slikt framlegg:



## VOLDA KOMMUNE

*Når kommunen ikkje lenger nyttar Vikebygda skule til skuleformål, skal bygninga tilbydast bygda ved Grendautvalet til grendaformål. Salgsvilkåra skal vere dei same som kommunen har innført for sal av slike bygg sist ved sal av Ulvestad skule, pris kr. 50.000.*

Ordføraren kom med slikt alternativt framlegg til punkt 3:

*Bratteberg skule kan nytte Vikebygda skule sine lokale fram til 31.07.2021.*

Sølvi Dimmen trekte framlegget sitt.

Sindre Kvangarsnes trekte punkt 7 i framlegget sitt.

### **Røysting:**

#### Prøverøysting:

Det var prøverøysting om framlegget frå Rebecca Riise Bjerknæs. Framlegget frå Rebecca Riise Bjerknæs fekk 11 røyster. 16 røysta mot.

#### Endelig røysting:

Framlegget frå Rebecca Riise Bjerknæs fekk 11 røyster og fall. 16 røysta mot.

Punkt 1 i tilrådinga frå formannskapet fekk 20 røyster og vart vedteke, 7 røysta mot.

Punkt 2 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 3: Det vart røysta alternativt. Kommunestyret var samde om at dersom framlegget frå ordføraren ikkje vart vedteke, skal det røystast alternativt mellom framlegget frå Sindre Kvangarsnes og tilrådinga frå formannskapet.

Punkt 3 alternativt framlegg frå ordføraren fekk 22 røyster og vart vedteke, 5 røysta mot.

Punkt 4 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 5 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 6 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Odd A. Folkestad om sal av Vikebygda skule fekk 8 røyster og fall, 19 røysta mot.

Kl. 17.35 gjekk vara Dag Aarflot, Sp, og Odd Harald Sundal, U, tok sete.

Rebecca Riise Bjerknæs, Sp, gjekk og vara Hans Peter Eidseflot, Sp, tok sete.



## VOLDA KOMMUNE

### Tilråding i formannskapet - 19.03.2019 til kommunestyret:

1. *Drifta ved Vikebygda skule vert avvikla 31.07.2019.*
2. *Elevar som skal ta til i 1. klasse i sentrum vert frå 01.08.2019 fordelte mellom Bratteberg skule og Øyra skule.*
3. *Bratteberg skule vil nytte Vikebygda skule sine lokale fram til 31.07.2021. Elevar som går i 3. og 4. klasse komande skuleår vil fullføre 4. klasse i lokala til Vikebygda skule.*  
*Elevar som komande skuleår går i 2. klasse, vert overført til Bratteberg skule når dei skal ta til i 4. klasse.*  
*Så lenge elevane nyttar lokala til Vikebygda skule, vil dei ha skulefritidstilbodet sitt der.*
4. *Viss situasjonen tilseier det, skal rådmannen vurdere om alle elevane kan førast over til Bratteberg skule på eit tidlegare tidspunkt enn skissert i punkt 3. Dette etter drøfting med FAU og SU.*
5. *Midlar til trafikksikring kring skulen skal leggst inn i investeringsbudsjettet for 2020.*
6. *Skulemodulane som no er lagra ved Øyra skule, skal nyttast til utviding av kapasiteten til Bratteberg skule viss ein finn det naudsynt.*

### PS 23/19 Volda ungdomsskule - Vidare prosess

#### Vedtak i kommunestyret - 28.03.2019:

*Med visning til saksutgreiinga, vedtek kommunestyret at følgjande skal leggst til grunn for den vidare planlegginga av Volda ungdomsskule:*

1. *Kommunestyret gjer vedtak om at det skal planleggast med å bygge ny skule på same tomt som ungdomsskulen står på i dag.*
2. *Kommunestyret ber administrasjonen om å planlegge den nye skulen med bakgrunn i dei funksjonane for skulen som er inkludert i foreløpig rom- og funksjonsprogram. I tillegg til areala for skulen, skal det planleggast med areal til mat og helse for Øyra skule inn i den nye skulen*
3. *Kommunestyret ber vidare om at følgjande prinsipp vert lagt vekt på i planlegginga*
  - a. *Areal- og energieffektive løysingar som gir god driftsøkonomi*
  - b. *Optimale sambruksløysingar mellom ulike funksjonar*
  - c. *Utforming som legg til rette for eit godt fysisk arbeidsmiljø for elevar og tilsette*
  - d. *Løysingar som gir grunnlag for ei god Pedagogisk plattform og fagleg utvikling for skulen*
  - e. *Fleksibilitet i bygningskropp og romstruktur*





## VOLDA KOMMUNE

4. *Kommunestyret viser til saksutgreiinga og ber om at den nye skulen vert dimensjonert for 360 elevar.*
5. *Kommunestyret ber administrasjonen starte opp reguleringsprosess for å avklare nødvendige rammer og infrastruktur for ein ny skule på tomte. Ved behov kan det leigast inn ekstern kapasitet til reguleringsarbeidet som vert finansiert over prosjektet.*
6. *Administrasjonen får fullmakt til å engasjere eksterne rådgjevarar for vidare planlegging innanfor dei økonomiske rammene som er løyvd i budsjettet.*

### **Handsaming:**

Venstre, ved Benedikt Holmberg, kom med slikt framlegg til nytt punkt 2 b:

*Det skal gjennomførast ein mulegheitsstudie for ein kulturhusdel knytt mot ny ungdomsskule der ein legg til grunn førebels rom-og funksjonsprogram i skisseprosjekt frå byggenemda for kulturhus. Synergier mellom ungdomsskule og kulturhusdel skal stå sentralt.*

### **Røysting** (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Framlegget frå Venstre fekk 4 røyster og fall, 23 røysta mot.

### **PS 24/19 Årsmelding for kontrollutvalet for 2018**

#### **Vedtak i kommunestyret - 28.03.2019**

*Kommunestyret tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2018 til vitende.*

### **Handsaming:**

Inger-Tove Simonnes og Gunnar Strøm var ikkje til stades under handsaminga av saka.

### **Røysting** (25 røysteføre):

Tilrådinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedteken.



## VOLDA KOMMUNE

### **PS 25/19 Organisering av lærlingordninga i Volda kommune**

#### **Vedtak i kommunestyret - 28.03.2019**

- 1. Kommunestyret i Volda ber administrasjonen søke medlemskap i Opplæringskontoret for søre Sunnmøre frå 01.07.2019.*
- 2. Rådmannen vert beden om å utpeike representant med vara til styret for opplæringskontoret, og representantar til årsmøte.*

#### **Handsaming:**

Gunnar Strøm møtte.

Inger-Tove Simonnes var ikkje til stades under handsaminga av saka.

#### **Røysting** (26 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### **PS 26/19 Overføring av investeringsrammer frå 2018 til 2019**

#### **Vedtak i kommunestyret - 28.03.2019:**

*Volda kommunestyre godkjenner overføringar av investeringsprosjekt frå 2018 til 2019 slik det går fram av tabell i saksframlegg.*

#### **Handsaming:**

Inger-Tove Simonnes var ikkje til stades under handsaminga av saka.

#### **Røysting** (26 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### **PS 27/19 Årsmelding og skatterekneskap 2018**

#### **Vedtak i kommunestyret - 28.03.2019:**

*Kommunestyret tek årsmelding og skatterekneskapen for 2018 til vitende.*



## VOLDA KOMMUNE

### **Handsaming:**

Inger-Tove Simonnes var ikkje til stades under handsaminga av saka.

### **Røysting** (26 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### **PS 28/19 Kommunal overtaking av veg - Follavegen**

#### **Vedtak i kommunestyret - 28.03.2019:**

*Volda kommunestyre vedtek at vegparsellen som vist på kart dagsett 20.02.2019 vert overtatt av kommunen for framtidig drift og vedlikehald.*

### **Handsaming:**

Inger-Tove Simonnes var ikkje til stades under handsaminga av saka.

### **Røysting** (26 røysteføre):

Tilrådinga frå forvaltningsutvalet vart samrøystes vedteken.

### **PS 29/19 Flaggreglement for Volda kommune**

#### **Vedtak i kommunestyret - 28.03.2019:**

*Flaggreglement for Volda kommune vert godkjent som det ligg føre.*

### **Handsaming:**

Inger-Tove Simonnes møtte.

### **Røysting** (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### **PS 30/19 Næringsfondet(kraft)- Årsrapport 2018**

#### **Vedtak i kommunestyret - 28.03.2019**

*Årsrapporten for Næringsfond(kraft) 2018 vert teken til vitende, slik den går fram av saksutgreiinga og vedlegg i denne saka.*



**Handsaming:**

**Røysting** (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

**PS 31/19 Utskriving av særskilt skattegrunnlag grunna lovendring i eigedomsskattelova**

**Vedtak i kommunestyret - 28.03.2019:**

*Kommunestyret vedtek å skrive ut eigedomsskatt på eit særskilt skattegrunnlag som følgje av at produksjonsutstyr og –installasjonar ikkje skal vere med i takstgrunnlaget når dei tidlegare verk og bruk skal takserast og verte rekna som næringsseigedom frå 2019.*

*Det særskilte skattegrunnlaget er differansen mellom ny takst for objekta frå 2019 og skattegrunnlaget i 2018. Grunnlaget skal i 2019 vere redusert med ein sjuandedel (jf. overgangsregel til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første pkt.). Skattesatsen på det særskilte skattegrunnlaget vert satt til 2 promille.*

**Handsaming:**

**Røysting** (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

**PS 32/19 Temaplan trafikktrygging 2020 - 2023, Volda kommune**

**Vedtak i kommunestyret - 28.03.2019:**

- 1. Det vert vist til vedtak i formannskaps-sak PS 106/14 den 27.05.2014. Med bakgrunn i at det ikkje har vore resursar i administrasjonen til å følgje opp vedtak i sak om trafikktryggingsplan for Volda kommune og at ein ikkje har kome i mål med planprosessen vert det vedteke å slutføre arbeidet ved å endre status frå kommunedelplan for trafikktrygging til temaplan for trafikktrygging.*
- 2. Oppstart av arbeidet med temaplan for trafikktrygging kan iverksettast snarast råd.*



## VOLDA KOMMUNE

### **Handsaming:**

### **Røysting** (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### **PS 35/19 Volda tunnel - Samferdselspakke**

#### **Vedtak i kommunestyret - 28.03.2019:**

- 1. Volda kommunestyre syner til vedteken reguleringsplan for E39 Volda-Furene og at E39 Voldatunnelen, Volda-Furene ligg inne i vedteken NTP (Nasjonal transportplan 2018-2029). Kommunestyret syner vidare til at prosjektet har sterk tilslutnad frå m.a. fylket og nabokommunane som eit prioritert regionalt prosjekt.*
- 2. Volda kommunestyre viser vidare til at Ørsta kommunestyre ikkje vil delta i ein sams samferdselspakke der bomfinansiering av Volda-tunnelen er basis.*
  - a. Volda kommunestyre går difor inn for at E39 Volda-Furene (Voldatunnelen) vert delvis bompengefinansiert og gjennomført som eit frittståande prosjekt i samsvar med godkjend reguleringsplan av 31.05.2018.*
  - b. Volda kommunestyre ber Statens vegvesen utarbeide ein konkret bompengesøknad for E39 Voldatunnelen med konkret styringsmål, og legge den fram for politisk handsaming snarast.*
  - c. Volda kommunestyre føreset at lokal del av finansieringa skjer gjennom etterskotsinnkreving. Bomplassering vert fastsett ved handsaming av bompengesøknaden.*
- 3. Volda kommunestyre prioriterer og fremmar E39 Voldatunnelen som si og regionen si viktigaste utfordring ved revisjonen av Nasjonal Transportplan 2022-2033.*
- 4. Kommunestyret er oppteken av at Voldatunnelen ikkje vert utsett. For å redusere utbyggingskostnader, ber kommunestyret at det vert vurdert om det er mogleg å byggje ut tunnelen etter klasse C etter gjeldande reguleringsplan for å unngå å utløyse ny regulering.*

**Oversending frå kommunestyret 28.03.2019 til administrasjonen:**



## VOLDA KOMMUNE

*Under utgreiinga til NTP var det føresett at tunnelen skulle byggast etter klasse C. Under reguleringsplanarbeidet har SVV endra dette til klasse D. - Volda kommune vil straks søkje om dispensasjon, slik at vidare detaljplanlegging og bygging kan skje etter klasse C. - Det er i reguleringsplanen avsett areal om det ein gong i framtida skulle bli aktuelt å utvide tunnelen med eit ekstra tunnellop (klasse D).*

### **Handsaming:**

Saka vart ettersendt 26.03.2019.

Ordføraren kom med slikt endring punkt 2 d, og framlegg til nytt punkt 4:

Punkt 2 d vert sett opp som nytt punkt 3.

*4. Kommunestyret er oppteken av at Voldatunnelen ikkje vert utsett. For å redusere utbyggingskostnader, føreset kommunestyret at det vert vurdert om det er mogleg å byggje ut tunnelen etter klasse C etter gjeldande reguleringsplan for å unngå å utløyse ny regulering.*

Ivar-Otto Kristiansen kom med slikt endringsframlegg i punkt 2 b:

*Volda kommunestyre ber Statens vegvesen utarbeide ein konkret bompengesøknad for E39 Voldatunnelen med ~~endra~~ konkret styringsmål, og legge den fram for politisk handsaming snarast.*

Odd A. Folkestad om med slikt oversendingsframlegg til administrasjonen:

*Under utgreiinga til NTP var det føresett at tunnelen skulle byggast etter klasse C. Under reguleringsplanarbeidet har SVV endra dette til klasse D. - Volda kommune vil straks søkje om dispensasjon, slik at vidare detaljplanlegging og bygging kan skje etter klasse C. - Det er i reguleringsplanen avsett areal om det ein gong i framtida skulle bli aktuelt å utvide tunnelen med eit ekstra tunnellop (klasse D).*

Gunnar Strøm kom med framlegg om slik endring i framlegget frå ordføraren: *Føreset vert endra til ber.*

Ordføraren slutta seg til endringa.

### **Røysting:**

Tilrådinga frå formannskapet, med endring og tillegg frå ordføraren, Ivar-Otto Kristiansen og Gunnar Strøm, vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i formannskapet - 28.03.2019 til kommunestyret:**

- 1. Volda kommunestyre syner til vedteken reguleringsplan for E39 Volda-Furene og at E39 Voldatunnelen, Volda-Furene ligg inne i vedteken NTP (Nasjonal transportplan 2018-*



## VOLDA KOMMUNE

2029). Kommunestyret syner vidare til at prosjektet har sterk tilslutnad frå m.a. fylket og nabokommunane som eit prioritert regionalt prosjekt.

2. *Volda kommunestyre viser vidare til at Ørsta kommunestyre ikkje vil delta i ein samsamferdselspakke der bomfinansiering av Volda-tunnelen er basis.*
  - a. *Volda kommunestyre går difor inn for at E39 Volda-Furene (Voldatunnelen) vert delvis bompengefinansiert og gjennomført som eit frittståande prosjekt i samsvar med godkjend reguleringsplan av 31.05.2018.*
  - b. *Volda kommunestyre ber Statens vegvesen utarbeide ein konkret bompengesøknad for E39 Voldatunnelen med endra styringsmål, og legge den fram for politisk handsaming snarast.*
  - c. *Volda kommunestyre føreset at lokal del av finansieringa skjer gjennom etterskotsinnkreving. Bomplassing vert fastsett ved handsaming av bompengesøknaden.*
  - d. *Volda kommunestyre prioriterer og fremmar E39 Voldatunnelen som si og regionen si viktigaste utfordring ved revisjonen av Nasjonal Transportplan 2022-2033.*

### **PS 33/19 Orienteringssaker**

#### **Handsaming:**

Det var ingen merknader til orienteringssakene.

### **OS 11/19 FAU i Volda - Felles uttalelse om kommunas budsjett og økonomiplan for 2019-2022**

### **OS 10/19 Uro over urealistiske økonomiske rammer i heile Møre og Romsdal**



## VOLDA KOMMUNE

**OS 12/19 Protokoll frå kontrollutvalsmøtet og fellesmøte 11.03.2019**

**OS 13/19 Årsrapport arbeidsmiljøutvalet 2018**

**OS 14/19 Årsmelding 2018 for Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne**

**OS 15/19 Årsmelding for Eldrerådet 2018**

**OS 16/19 Årsrapport for levering av tenester frå Stamina Helse i 2018**

**OS 17/19 Uavhengig representant i kommunestyret - Kjell Petter Wiik**

**OS 18/19 Utmelding av framstegspartiet - Harald Ola Søvik**

**FO 2/19 Grunngeve spørsmål - Vurdering av studenttilskot**

Henning Holsvik stilte grunngeve spørsmål til ordføreren om at Volda kommune bør vurdere å innføre studenttilskot. Ordføreren svara og Holsvik takka ordføreren for svaret.

**PS 34/19 Delegererte saker frå avdelingane**

Det var ingen merknader til dei delegererte sakene frå administrasjonen.

DS 30/19 Igangsettingsløyve Gbr 12/59

DS 31/19 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 20/517

DS 32/19 Ferdigattest, tilbygg Gbr 20/165

DS 33/19 Igangsettingsløyve Gbr 17/243

DS 34/19 Løyve til tiltak, ombygging gbr 30/232

DS 35/19 Mellombels bruksløyve, tilbygg til næringsbygg Gbr 13/88

DS 36/19 Løyve til tiltak , bustad gbr 17/244

DS 37/19 Rammeløyve, riving og oppføring av ny bustad Gbr 19/110

DS 38/19 Løyve til tiltak, rehab. skorstein Gbr 148/3

DS 39/19 Ferdigattest Gbr 19/805

DS 40/19 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 27/5

DS 41/19 Ferdigattest Gbr 20/104

DS 42/19 Ferdigattest, tilbygg til hytte Gbr 2/105

DS 43/19 Løyve til tiltak, garasje Gbr 19/121

DS 44/19 Mellombels bruksløyve Gbr 27/57 seksjon 2

DS 45/19 Mellombels bruksløyve Gbr 18/403 -seksjon 61

DS 46/19 Løyve til tiltak, garasje gbr 148/4

Møtet slutt kl. 19:30

Rett utskrift,

Volda kommune, servicekontoret

29.03.2019





**VOLDA KOMMUNE**

Sonja Håvik  
førstekonsulent